

## Sak 03 /17. Legekontor i Ålvik. Spørsmål til Rådmannen frå FrP.

Svara til rådmann er markert med raud skrift.

1. Er det kapasitet i dag til å gje eit fullverdig tilbod for alle helsetenester som i dag vert gjeve i Ålvik , i eksempelvis Øystese utan ekstra kostnader?.  
Det er ikkje aktuelt å slutta gje andre helse – og omsorgstenester i Ålvik. Me tolkar spørsmålet til å gjelda legekantoret i Ålvik .  
Tenesta må drivast fagleg forsvarleg.  
Legetenestene må tilpassast dei andre aktivitetane jfr. utfordringar nemnde i saka pkt. c.  
Følgjekostnad, reisetid, tryggleikskjensle, beredskap m.m.
2. Kva vil kostnader og praktisk organisering med skulehelseteneste og helsestasjon verta med ei omlegging ?  
Det vert lite endring i kostnad for kommunen om me flyttar helsestasjonen til Øystese.  
Skulehelsetenesta er vanskelegare å flytta, men kostnadane vert ikkje større enn i dag. Den vil truleg kunna drivast i lokale på skulen.
3. Kva støtte gjev Bjølvefossen i dag ,og kva kronebeløp snakkar ein om?  
Bjølvefossen bidreg med i underkant av 400 000 + lokale per år til drifta av Sjukestova ANS. Denne summen har vore den same sidan 2010.
4. Me har i helse og omsorgsplanen sagt at det skal vera eit lege- og helsetilbod i Ålvik og Strandebarm. Når ein no etter berre 1,5 år vel og ta opp igjen spørsmålet om dette og avstandane er dei same , sit ein berre att med kostnader.  
Mangel på pengar er rådmannen si grunngjeving for at Helse- og omsorgsplanen ikkje vert fylgd.  
Kva vil den totale innsparinga verta med å flytta alle lege- og helsetenester til sentrale Kvam?  
Me tolkar spørsmålet til å dreia seg om kva innsparing det er ved å leggja ned legekantora i Strandebarm og Ålvik?  
I Strandebarm vil innsparinga vera tilsvarande årlege driftskostnadar ved Strandebarm legekantore dvs. om lag 1,5 mill.  
I Ålvik vil summen vera noko mindre, men tilsvarande driftskostnadane.  
Me kan ikkje flytta alle helsetenester til sentrale Kvam.  
Me kan ikkje sei nøyaktig kor stor innsparinga evt. vert. Det er mange faktorar som spelar inn.
5. Har Øysteseheimen/Toloheimen ledig kapasitet til å ta i mot gamle og sjuke som tidlegare enn no, vil flytta utover frå Ålvik?

Tildelinga skjer ikkje etter adresse, men etter kva behov pasientane har. Tal langtids plassar med heildøgns omsorg og pleie må vera stort nok. Øysteseheimen vert utvida med 6 nye plassar sommaren 2018.

6. Er det vurdert kostnader i samband med spørsmål 5?  
Ja, men vanskeleg å svara nøyaktig på. Det vil uansett koma endringar i Ålvik.
7. Er det teke med og vurdert kostnader for helse- og omsorg når det gjeld nødvendig lege- og helsetilbod ved ei flytting av desse aktivitetane til sentrale Kvam ?  
Ja, men det er vanskeleg å svara på. Det vil uansett koma endringar i Ålvik og dette må me løysa gjennom endra organisering.
8. Kva utgifter har Kvam Herad per døgn for ein bebuar på "Pensjonisten" ? og Øystese / Toloheimen ?  
Dette let seg ikkje svara på.